

# Handlingsplan skuleåret 2022-23

## Auka gjennomføring

- Arbeide aktivt for å få elevane *tilbake* på skulen, med stabilt oppmøte og lite fråvær.
- Kartlegge alle VG1-elevane i høve dysleksi.
- Undervisning og vurderingssituasjonar vert dysleksivennlege.
- Elevar som er for sjuke til å fullføre året vert oppmuntra til å halde fram på skule i nokre fag, framfor å gå ut i full sjukepermisjon.
- Avdelingane bruker «formidlings-rekneskap» og har oversikt over tal på elever som får læreplass eller opplæringskontrakt.

## Betre læringsutbytte

- Elevane skal oppleve at dei vert lytta til og har medverknad om både undervisning og vurderingsarbeid
- Digitale hjelpemiddel vert brukt i undervisninga slik at elevane vert sjølvhjelpete.
- Vi arbeider med «gode haldningar» og korleis ein viser dette i praksis.
- Fokus på at elevane skal oppleve meistring i løpet av skuledagen.
- Alle elevar skal få faglege utfordringar.

## Læringsmiljø med enda betre trivsel og læringsutbytte

- Mobbing blir stoppa.
- Kontaktlærarane får hjelp i arbeidet med å skape gode klassemiljø.
- «VIP-makker» blir brukt i alle klasser.
- Elevane vert møtt med respekt og omtanke.
- Dei tilsette helsar på kvarande og på elevane.
- Det vert gjennomført ulike trivselstiltak på tvers av avdelingane.
- Borgund Pride vert gjennomført i juni.
- Det vert lagt opp til formell avslutning for avgangselevane.

## Vidareutvikling av leiing, skuleutvikling og profesjonsfellesskap for læring

- Vi hentar inn meir eksterne bidrag for å sikre kompetanseheving i møtetid.
- Vi utviklar gode profesjonsfellesskap som både drøftar pedagogisk praksis og samarbeider om planlegging og evaluering av undervisninga.
- Vi arbeider vidare med struktur og innhald for å gjere møtetida god og nyttig.
- Fagnettverka kjem i gang og syter for kompetanseheving og inspirasjon.